

Medlemsinfo desember 2021

So er 2021 nesten slutt. Eit år som har vore prega av corona. Årsmøte i SFSG i februar vart gjennomført på Teams. Årsmøta i lokallaga vart gjennomført på ulike vis. Nokre hadde fysiske møter, andre gjennomførte på Teams og nokre fekk ikkje gjennomført årsmøte i 2021. Litt etter litt opna landet opp, og vi kunne begynne å arrangere fysiske møter igjen. Dette trur vi dei fleste sette pris på, og var viktig for organisasjonslivet. Teams har vore svært viktig under pandemien, og vil vere eit nyttig og godt hjelpemiddel framover. Ein kan ha oftare møter på kort varsel, som ikkje kostar mykje i tid til reise og møtelokale, men kan ikkje erstatte alle møter. Om ikkje organisasjonslivet skal forvitne, så må ein ha fysiske møter.

Vi håpte vel alle at pandemien snart skulle vere over, men så kom ei ny og kraftig smittebølge og nye restriksjonar frå 9. desember. Desse restriksjonane skal vare i fire veker. Kva som skjer vidare veit ein ikkje, men vi kan få restriksjonar som i første omgang ville kunne påverke gjennomføring av årsmøta i lokallaga, som skal vere gjennomført innan 1. februar. Det er viktig at alle lokallaga får gjennomført årsmøte i 2022, innan fristen. Dei som ikkje får gjennomført årsmøte, og sendt inn årsrapport m.m til NSG, vil ikkje få utbetalt sin del av medlemspengane. Dei laga som ikkje fekk sendt inn for 2021, har ikkje fått utbetalt medlemspengar for 2021, men vil få den utbetalt når årsrapport m.m er sendt inn.

MØTE MED VERERINGANE 11. august var det første fysiske møtet SFSG gjennomførte i 2021. Dette var eit møte mellom avlsutvalet og vereringane på Thon Hotel Jølster. Det var godt frammøte og gode diskusjonar. Deltakarane fekk drøfta saker dei var opptekne av som gentesting, livdyrprisar, sal av kåra verlam og praktisk gjennomføring av kåringsaja. Det er planen å halde eit liknande møte før avlsrådet har møte til våren.

KÅRINGANE i 2021 var gjennomført som normalt for dei fleste. Unntaket var for dei som hadde både sau og geit etter 15. september 2021. Etter vedtak i NSG 8. september fekk ikkje desse stille på kåring i regi av NSG for sal til andre grunna «sauens skabbmidd». Vereringsmedlemar som hadde både sau og geit pr. 15. september fekk heller ikkje delta i ringarbeid frå paringsstart hausten 2021. Dei som ikkje fekk lov til å stille på kåring, kunne få gardskåring, for bruk i eigen besetning.

HAUSTSAMLINGA vart arrangert på Quality Hotel Sogndal 29. og 30. oktober. På dagtid 29. oktober hadde Thor Blichfeldt møte med vereringane. Det var engasjerte deltakarar på haustsaminga, med overvekt av deltakarar frå Sogn. Dette var nok naturleg, då møtet var lagt til Sogndal. Me har fått negative tilbakemeldingar på parkeringssystemet ved Quality Hotel Sogndal, då alle, sjølv om dei bur på hotellet må betale parkeringsavgift, og fekk tilleggsfaktura om dei ikkje køyrde ut frå parkeringsplassen umiddelbart etter at dei hadde betalt. Dette er noko vi må ta med i berekninga, når vi skal velje hotell for våre arrangement. Denne gang var det fullt på Thon Hotel Jølster 29. og 30. oktober og helga før og helga etter. Elles er det nok «fornuftig» å arrangere samlingar på ulike plassar, då ein då vil få med ein del personar, som kanskje ikkje møter elles.

FAGSAMLING SAU var bestemt til 14. og 15. januar 2022. Programmet var so og seie klart, men grunna auke i smitte, var det vanskeleg å få lovnad frå foredragshaldarar om å komme. Då det i tillegg kom nye retningslinjer frå 9. desember, som i skal gjelde i 4 veker hadde ein ikkje anna val enn å avlyse. Vi får krysse fingrane for at ein kan få arrangert ei «normal» fagsamling i 2023.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

INNSPEL TIL JORDBRUKSTINGINGANE 2022

Med ny regjering og lovnader i «Hurdalsplattformen» er forventningane til jordbrukstingingane i 2022 store. Økonomien i småfeholdet, og då spesielt i saueholdet har vore dårleg. Får ein ikkje eit løft no, så vil det verte fleire som sluttar, og endå vanskelegare å få neste generasjon til å overta og drive vidare. I mjølkegeit produksjonen er det og ei utfordring med dårleg pris på geite- og kjekjøtt. Arbeidet med innspel til jordbrukstingingane er i gang. Det har vore sendt ut skriv til lokallaga vedrørande innspel til jordbrukstingingane, med tilbakemeldingsfrist 5. desember. Styre handsama tilbakemeldingane på styremøte 11. desember.

Vidare framdrift:

1. SFSG sitt forslag til innspel vert sendt ut til lokallaga innan 10. januar 2022
2. Frist for tilbakemelding frå lokallaga 28. januar 2022.
3. Styre i SFSG handsamar tilbakemeldingar på styremøte 29. januar 2022.
4. Utsending til lokallaga av SFSG sitt «endelege» framlegg til innspel.
5. Drøftingsmøte, på teams, med lokallaga vedrørande «endeleg innspel» ca. 15. februar 2022.
6. Frist for innsending til NSG sentralt er 20. februar 2022.

ÅRSMØTE

SFSG legg pr. i dag opp til at årsmøte skal avviklast som eit fysisk møte, men dette vil verte vurdert fortløpande, ut frå gjeldande smittevernreglar.

Årsmøte i SFSG for 2021 skal vere **FREDAG 25. FEBRUAR 2022, på Thon Hotel Jølster, med påfølgjande fagdag laurdag 26. februar.**

Saker som lokallaga ønskjer skal fremjast for årsmøte, må vere fylkesstyre i hende seinast 26. januar 2022. (1 månad før, i følgje NSG sine lagslover § 17.)

Årsmøtet i SFSG i 2021 vart gjennomført på Teams. «Årshefte 2020» vart derfor ikkje trykt opp, men berre lagt ut digitalt. Styret i SFSG har drøfta om ein skal trykke opp «Årshefte 2021» eller om ein berre skal legge det ut digitalt. Styret i SFSG har vedteke at det berre skal leggest ut digitalt, og at det skal leggest ut i god tid før årsmøte, slik at dei utsendingane, som ønskjer å ha årshefte på papir, kan skrive det ut sjølv. Dersom det er nokon som er ueinige i dette vedtaket, så ber styret om tilbakemelding innan 1. februar 2022.

Årsmøte i lokallaga skal som tidlegare nemnt haldast innan 1. februar kvart år, og skal kunngjerast med minst 14. dagars varsel til medlemmane. Saklista skal og gjerast kjend for medlemmane. **Protokoll frå årsmøte i lokallaget, årsmelding og rekneskap skal sendast fylkeslaget innan 15. februar.**

«Årsrapport 2021/Tillitsvalde 2022» m.m. skal sendast NSG elektronisk. «Skjemaet» finn ein ved å gå inn på NSG.no. Deretter på fylkeslag og Sogn og Fjordane. Under «fana» Info ligg «Årsrapport lokallag».

Det er medlemstalet pr. 31.12.21 som er grunnlaget for tal utsendingar til fylkesårsmøtet. Leiaren er sjølvskriven. I tillegg har lag med over **25** medlemmar rett på ein utsending pr. **25** medlemmar. Hugs å velje vara til utsendingane, då utsendingane skal vere valde av årsmøtet i lokallaget. Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet, verken i lokallaget eller fylkeslaget. Vi vil og minne om at dei som ikkje har hatt årsmøte i 2022, ikkje har stemmerett på årsmøtet i fylkeslaget i 2022, med mindre det grunna corona, kan komme andre retningslinjer frå NSG sentralt slik som for 2021. Det er lite truleg, då ein no har gode erfaringar med å avvikle årsmøte på Teams.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Lokallag som ønskje hjelp frå SFSG, til å gjennomføre årsmøte, eller andre møter, ved hjelp av Teams, må ta kontakt for å avtale tidspunkt. SFSG kan berre hjelpe eit lag om gongen, så ein må passe på at ikkje fleire lag legg opp til møte på same dato.

UTTALAR FRÅ ÅRSMØTE I SFSG

Dersom det er lokallag som har saker (tema som dei ønskjer årsmøte i SFSG skal gje uttale på), ber ein om at **forslag til uttale vert sendt styret i SFSG innan 20. februar 2021**. Innkomne uttalar vil verte tatt opp på årsmøtet, som eiga sak.

MEDLEMSPENNGAR

Det er lokallag som har reagert på at refusjon av lokallaget sin del av medlemspengane kom seint i år. På årsmøte i NSG i 2021 vart det gjort endring i lagslovene § 6 Medlemskontingent. Mellom endringane er « **Fylkes- og lokallagas andel av kontingent overførast 1 gong kvart år, etter 15. november**».

Grunnen til dette er at det er ein del medlemar som er seine med å betale kontingenten sin. Ein del betalar ikkje før dei skal stille på kåring, då kravet er at kontingenten skal vere betalt.

BEITESESONGEN 2021

Etter dei tilbakemeldingar som vi har fått, så har den vore roleg med tanke på rovdyr, med unntak av i Indre Sogn. Der er det områder med store tap, som mest truleg skuldast jerv, men det har det vore vanskeleg å få dokumentert. Tilliten i næringa til SNO er dessverre ikkje stor. I tillegg har det vore vanskeleg å få folk til «fylkesfellingslaget». Å ta ut jerv i vårt område på barmark er so og seie umogleg. Sogn og Fjordane er i beiteprioritert område, og då skal vi ikkje ha desse rovdyra her, og det må settast inn større resursar på å få tatt ut jerven ved ekstraordinære uttak på snøføre.

Elles manglar det ein del sau og kanskje spesielt lam rundt om kring. Det er dei som stiller spørsmål ved om Dysect fungere så godt som tidlegare, og at det då er flugemark som kan vere årsak til tap av spesielt lam. Ein har og fått tilbakemelding på at det er mykje ørn i ein del beiteområde.

Den tørre sommaren, med lite vatn og tørre elvar har ført til at beitedyra har trekt ut av sine vanlege beiteområde, og mange har måtta brukt mykje meir tid på tilsyn og sanking enn normalt. Dette at fleire har slutta med sau er nok og ei årsak til at beitedyra i enkelte områder har vandra lenger enn tidlegare, då flokken som har vore naturleg stengsel no er vekke.

AVLSKONFEANSE OG GEITEHELG 2021

Norsk Sau og Geit (NSG) og Sogn og Fjordane Sau og Geit inviterte til fagdagar for geitehaldarane på Skei frå fredag 26.11. til søndag 28.11. NSG arrangerte avlskonferanse for avlsbesetningane og andre interesserte frå fredag til laurdag. Her var avlsframgang, avlsmål og genomisk seleksjon tema.

Frå laurdag til søndag var det Geitehelg i Jølster i regi av mjølkegeitgruppa i Sogn og Fjordane Sau og Geit. Her vart det gode diskusjonar om kva som kan gjerast for å auka salet geitemjølkeprodukt. Fôring, mjølka sine ysteeigenskapar og celletalet sin innverknad på ysteresultatet var også tema. Det vart lagt opp til ei sosial helg, og laurdag kveld var det julebord med god mat og dans.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

GJETARHUND

I 2021 har gjetarhund arbeidet gått som normalt, utan dei store påvirkningane av corona. Alle tre gjetarhundlaga har hatt fellestreningar gjennom året, der medlemmer av NSG kunne stille.

I år var det Sunnfjord og Ytre Sogn sin tur til å arrangere Fylkesmeisterskap i bruk av gjetarhund. Dette vart halde på eit areal hjå Mo jordbruksskule 2 og 3 oktober. Ver og vind gjorde det utfordrande for både arrangør og deltakarar. I år var det Halvor Tenden med hunden Ztripz som gjekk av med sigeren og fekk tittelen som Fylkesmeister. Denne gang var det òg Tendens tredje napp i vandrepokalen, og vann dermed den til odel og eige.

I 2021 hadde Sogn og Fjordane 2 ekvipasjar som kunne stille på NM i bruk av gjetarhund. NM vart arrangert i Follestadalen, Møre og Romsdal. Ailen Skogeng, med hunden Bow og Halvor Tenden, med hunden Ztripz, representerte Sogn og Fjordane der. Halvor Tenden endte på 52 plass og Ailen Skogeng på 83 plass.

SFSG har henta inn priser for kurs i kadaverhund. Dette vil vi eventuelt halde i første halvdel av 2022. Mange rundt om i Norge brukar gjetarhund til kadaversøk, og fleire har godkjent gjetarhund og godkjent kadaverhund i same hund. Om nokon kunne tenkje seg å ta kurs og få godkjent sin hund i kadaversøk, ta kontakt med SFSG.

ØNSKJER ALLE MEDLEMANE EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR

Styret i SFSG

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694